

Skulereglar for Foldrøy Montessoriskule

1. Innleiing

Montessoriskular legg vekt på sosial læring, ansvar og fellesskap som sentrale prinsipp gjennom heile grunnskuleløpet. Målet med vårt pedagogiske arbeid er å utvikle elevar som er sjølvstendige, tek ansvar for eigne handlingar og miljøet rundt seg, og som evnar å balansere fridom med ansvar.

Elevane sine rettar står sentralt i skulen sitt arbeid, og det er skulen sitt ansvar å sikre at barnet sitt beste alltid blir prioritert i avgjerder som påverkar elevane. I tråd med Grunnlova § 104 og Barnekonvensjonen artikkel 3 skal alle tiltak og reglar fremje barn sin fysiske, sosiale og emosjonelle utvikling. Vidare har elevane rett til å bli høyrde (Barnekonvensjonen artikkel 12) og rett til utdanning (artikkel 28). Skulen sitt regelverk er utforma for å ivareta desse rettane og sikre at alle elevar opplever tryggleik, respekt og moglegheiter for læring i eit inkluderande fellesskap.

Føresette si rolle er viktig i arbeidet med eit godt skulemiljø, og det er venta at føresette aktivt bidreg til å fremje god orden og åtferd. Dette inneber å støtte skulen sine prinsipp og reglar heime, oppmuntre elevane til å ta ansvar for eigne handlingar, og rettleie dei til å reflektere over korleis vala deira påverkar både eigne og andre sin trivsel og læring. Eit godt samarbeid mellom skule og heim er avgjerande for å skape eit trygt og inkluderande miljø der elevane trivst og utviklar seg.

Montessoriskular legg særleg vekt på rettleiing og refleksjon, og prøver å unngå sanksjonar og straff. Me trur at elevar lærer best når dei føler seg trygge, forstått og inkluderte. Feil blir sett på som ei moglegheit til å lære, og gjennom jamlege samtalar og rettleiing blir elevane oppmoda til å reflektere over handlingane sine og korleis dei påverkar andre. Skulereglane våre skal støtte dette arbeidet ved å definere klare rammer for kva som er god orden og ynskt åtferd.

Dette reglementet er vedteke av skulen sitt styre, i samsvar med privatskulelova § 5-2d og § 5A-7. Montessoriskulen sine pedagogiske prinsipp ligg til grunn for reglar og tiltak.

2. Formål

Formålet med skulereglane er å sikre at alle på skulen – både elevar, lærarar og føresette – har felles forståing av rettar og plikter i skulekvardagen, samt kva tiltak som kan setjast inn ved eventuelle brot på reglane.

Reglane skal bidra til å utvikle elevane sine sosiale ferdigheiter og til å byggje positive relasjonar mellom elevane, og mellom elevar og tilsette. Reglane skal bidra til å sikre eit trygt og inkluderande skulemiljø som fremjar læring, tryggleik og respekt. Målet er å støtte elevane si utvikling som sjølvstendige og ansvarlege individ som tek ansvar for eigne handlingar og viser omsyn til andre.

3. Verkeområde

Skulereglane gjeld for alle elevar, tilsette og føresette som er ein del av skulen. Reglane gjeld i skuletida, på skulevegen og under alle skulen sine arrangement, inkludert skuleturar. Reglane gjeld også for åtferd på skulen sine digitale plattformer, inkludert bruk av digitale system og sosiale medium i og utanfor skuletida.

4. Organisering av skuledemokratiet

Privatskulelova § 5A-4 og § 5A-5 skildrar reglar for skuledemokratiet.

Elevar og føresette har rett til å få informasjon om og ta del i arbeidet med skulemiljøet. Skulen skal sørge for at elevane og foreldra får vere med på å planleggje, gjennomføre og vurdere skulen si verksemd, mellom anna arbeidet med skulemiljøet, kvalitetsutvikling i opplæringa og fastsetjing av skulereglar.

Skulen skal ha eit elevråd og eit foreldreråd. Foreldrerådet kan og bør velje eit arbeidsutval (FAU). Skulen sitt styre skal sørge for at det blir fastsett kva slags brukarorgan skulen skal ha.

5. Permisjon

Søknad om permisjon skal sendast inn til skulen via digitale kommunikasjonskanalar eller per post. Skulen kan ikkje innvilge permisjon på meir enn 14 dagar. Rektor fattar vedtak om permisjon. Elevar som er borte samanhengande i meir enn 14 dagar, må meldast ut av skulen og meldast inn igjen når dei returnerer. Føresette har ansvar for opplæringa i denne perioden. 6. Elevens rettigheter og plikter

6.1 Rettar

- a) Eleven har rett til å kjenne seg trygg og inkludert på skulen, og til at andre viser respekt og omsorg for dei og eigedelane deira.
- b) Eleven har rett til å bli høyrd og delta aktivt i utforminga av reglar og arbeidet med skulemiljøet.
- c) Eleven har rett til fridom i læringsarbeidet sitt, så lenge denne fridomen ikkje går utover andre sin rett til læring.

6.2 Plikter

- a) Eleven skal vise respekt og omsorg for medelevar og alle tilsette på skulen.
- b) Eleven skal bidra til å skape eit inkluderande og trygt læringsmiljø.
- c) Eleven har ansvar for å ta vare på skulen sitt fysiske miljø og ressursar, samt vise respekt for andre sine eigendelar.

- d) Eleven skal følgje skulen sine retningslinjer for bruk av digitale verktøy og plattformer, inkludert sosiale medium, og bidra til eit trygt digitalt miljø.

7. Orden og åtfærd

7.1 Orden

- a) Eleven skal møte presis og vere førebudd til undervisning og aktivitetar.
- b) Eleven kan berre forlate skulen sitt område i skuletida etter avtale med lærar.
- c) Eleven skal ha med nødvendig utstyr og følgje opp arbeid til avtalt tid.
- d) Eleven skal bidra til å halde orden på skulen sitt fysiske miljø.
- e) Eleven har ikkje lov til å bruke mobiltelefon eller smartklokker med telefonfunksjon på skulen, med mindre det er avtalt med lærar.
- f) Eleven kan berre ta med godteri og brus til skulen ved spesielle høve og etter avtale med lærar.

7.2 Åtfærd

- a) Eleven skal vise respekt og omsorg for medelevar, både i handlingar og kommunikasjon, inkludert på digitale plattformer og sosiale medium.
- b) Eleven skal bidra til eit samarbeidande, inkluderande og positivt læringsmiljø.
- c) Konflikthar skal løysast gjennom dialog og forståing. Mobbing, vald eller trakassering blir ikkje tolerert.
- d) Eleven skal vise respekt og omsorg for skulens fysiske miljø.
- e) Elever skal respektere medelevers eigendeler.
- f) Eleven skal vise respekt for skulens tilsette, og følgje beskjedar og reglar som gjeld.

8. Tiltak ved brot på skulereglane

Montessoriskolen legg vekt på rettleiing og refleksjon ved brot på reglane. Skulen vil alltid fyrst søkje å nytte dialog som hovudverktøy for å rettleie eleven og støtte elevens sosiale og emosjonelle utvikling.

Skulen følgjer ei trinnvis tilnærming ved behov for tiltak, med følgjande rekkefølge:

8.1 Rettleiing og advarsel

- a) Ein munnleg samtale eller åtvaring blir gitt ved mindre brot på reglane, der eleven får rettleiing om kvifor handlinga var uheldig, og korleis den kan forbetrast.

- b) Skulen kan flytte eleven til ei anna gruppe, endre gruppesamansetjinga, eller tildele alternative oppgåver. Tiltaka blir tilpassa situasjonen og har som mål å førebyggje gjentekne brot på reglane og fremje eit betre læringsmiljø for alle.

8.2 Skriftleg åtvaring

- a) Ved gjentekne eller meir alvorlege brot vil det bli gitt ei skriftleg åtvaring, og føresette vil bli involverte.
- b) Føresette blir oppmoda til å ha ein samtale med eleven heime, i samsvar med skulen sin pedagogikk. I samtalen bør dei reflektere over det som har skjedd, identifisere konkrete tiltak og lage ein plan for oppfølging. Tiltaka kan delast med skulen for å sikre samarbeid mellom heim og skule.

8.3 Inndraging av gjenstander

- a) Misbruk av mobiltelefon eller andre medbrakte gjenstandar vil føre til at desse blir inndregne i ein avgrensa periode.
- b) Ved gjentatt misbruk kan skulen bestemme at eleven ikkje får ta med telefonen til skulen i ein bestemt periode.
- c) Ulovlege gjenstandar, som tobakk/snus, rusmiddel eller våpen, blir overleverte til politiet.

8.4 Tiltak ved mindre alvorlege brot

- a) Lekser kan bli gitt som ein konsekvens dersom elevar ikkje har utført skulearbeid i skuletida grunna urelaterte aktivitetar.
- b) Gjensitting kan ikkje vare meir enn 30 minutt. Føresette skal informerast på førehand.
- c) Elevar som roter eller øydelegg noko, må rydde eller reparere. I spesielle tilfelle kan det krevjast erstatning frå foreldra, jf. skadeerstatningslova § 1-2.

8.5 Tiltak ved alvorlige brot

- a) Ved alvorlege hendingar, som mobbing, vald eller trakassering, blir det iverksett umiddelbare tiltak i tråd med skulen sin handlingsplan for eit trygt skulemiljø.

8.6 Fysiske inngrep for å avverje skade

- a) I samsvar med privatskulelova § 3-10b kan tilsette gripe inn fysisk for å avverje at ein elev skadar seg sjølv, andre, eller eigedom. Slike inngrep skal berre nyttast som siste utveg, vere forsvarlege og nødvendige, og stå i forhold til situasjonen.

9. Sanksjonar ved alvorlege brot

Sanksjonar blir brukte som siste utveg, og målet er alltid å fremje sosial læring, dialog og refleksjon. Alvorlege eller gjentekne brot på skulereglane kan føre til følgjande sanksjonar:

9.1 Bortvisning

Ved alvorlege brot kan bortvisning vurderast i tråd med privatskulelova § 3-10. Bortvisning skal ikkje brukast dersom mindre inngripande tiltak er tilstrekkelege. Elevar på 1. til 7. trinn kan bli vist bort for enkelttimar eller resten av dagen. Rektor fattar vedtak om bortvisning, men kan delegere til lærar å vise bort ein elev i inntil to timar.

9.2 Skulebyte

Ved gjentekne alvorlege brot, eller dersom andre tiltak ikkje er tilstrekkelege, kan skulebyte vurderast. Før eit skulebyte skal elev og føresette få kome med innspel, og alternative tiltak skal vere prøvde ut.

9.3 Politimelding

Ved svært alvorlege eller straffbare hendingar kan saka meldast til politiet.

10. Saksbehandlingsreglar ved bruk av sanksjonar

Alle sanksjonar ved brot på skulereglar skal følgje ei forsvarleg saksbehandling i samsvar med privatskulelova og forvaltningslova. Eleven har alltid rett til å forklare seg, og føresette blir informerte før alvorlege sanksjonar blir iverksette. Ved alvorlege sanksjonar som bortvisning eller skulebyte, skal det fattast enkeltvedtak. Vedtaket skal innehalde ei grunngjeving og informasjon om klagerett.

Bortvisning kan skje som ein direkte konsekvens dersom regelbrotet og/eller situasjonen tilseier det, for så å gå tilbake til ein dialog når situasjonen har roa seg.

All saksbehandling skal dokumenterast og signerast av skulen sin representant og ein føresett.

Følgande saksbehandling vil bli gjennomført. Saksbehandlinga avsluttast så snart saken vurderes som løyst.

1. Rektor fattar vedtak om politimelding dersom alvorlegheitsgraden til saka tilseier det.
2. Rektor fattar vedtak om umiddelbar bortvisning i inntil ein skuledag dersom alvorlegheitsgraden til saka tilseier at dette er nødvendig for å beskytte skulemiljøet og andre elevar. Føresette blir varsla.

3. Dialog med elev.
4. Dialog med føresette.
5. Iverksetjing av tiltak.
6. Vurdering av tiltak saman med føresette.
7. Nye/flere tiltak.
8. Vurdering av nye/flere tiltak saman med føresette.
9. Rektor fattar vedtak om skulebyte og sender førespurnad til kommunen.

11. Iverksetjing og kunngjering

Skulereglane trer i kraft 01.08.2026 og blir gjort kjende gjennom Foldrøy Montessoriskule si heimeside, utdeling til føresette i 1. klasse og andre nye elevar, samt gjennomgang i klassane ved starten av skuleåret. Alle elevar og ein av dei føresette skal skrive under ordensreglane, anten digitalt eller fysisk.